


DET NORSKE TEATRET

Den store barnedåpen

Komedie i 3 akter

av Oskar Braaten



Oskar Braaten

Oskar Braaten er ein av grunnsteinane i Det Norske Teatret. Då dette teatret la fram fyrste spellista si hausten 1913 var det ikkje noko namn som gav tiltaket sterkare stønad enn hans. Han var Oslogut, fødd og vaksen opp i typisk innflyttar-strok på austkanten. Som diktar hadde han byrja på rein nynorsk, og han hadde med «Ungen» gjevi Nationaltheatret eit skodespel, som i innhald og form bar fram norsk folkeliv på ein ny, både radikal og sympatisk måte. Med «Stor-Anders» vart den lange rekkja av sosiale skodespel innleid, som Det Norske Teatret har bori fram gjennom åra.

I 1915 vart Braaten litterær rådgjevar for teatret, ei stilling som han med eit par avbrot hadde fram til 1937. Siste åra arbeidde han som fast dramaturg, og to spelbolkar, 1934—36, var han teatersjef. Det er markande for hans omsut for Det Norske Teatret at han tok på seg denne jobben i ei tid då det hadde store økonomiske vanskar, og m. a. laut flytta tilbake frå Centralteatret til den tronge og uhøvelege scenen i Bøndernes hus.

b 159 012062

Gjennom åra har dei fleste skodespela til Braaten vori spela på Det Norske Teatret, og tre av dei, «Ungen», «Godvakker-Maren» og «Den store barnedåpen» har gått fleire gonger, og støtt vorti mottekne med same varme interesse hos publikum. Det har vist seg meir og meir klårt kva verd dramatikken til Oskar Braaten har. Han er den fyrste som makta å gje norsk teater dei verdfulle «folkeskodespel» som Garborg og Bjørnson gjorde seg til talsmann for i førre hundreåret. Han fann både i emne, karakterar og replikk fram til sermerkete drag hos det breie lag av folket, og med sin varme kjærleik til alt menneskeleg vart han ein stillfarande forkynnar av noko av det beste i folket vårt.


O. D.




Alf Sommer



Henny Skjønberg




Eva Sletto



Amund Rydland




Gisle Straume




Åsta Voss





Astrid Sommer



Else Frogner




Julia Back



Faint, illegible text below the top-left stamp.

Faint, illegible text below the top-right stamp.



Faint, illegible text below the bottom-left stamp.

Faint, illegible text below the bottom-right stamp.